

Nasjonlparker og andre verneområde i Ottadalen





Nasjonalt parkar og andre verneområde i Ottadalen

Få eller ingen andre kommunar i Norge har så store verna areal som kommunane i Ottadalen. Dette er ei årsak til at Lom, Skjåk og Vågå har fått status som nasjonalparkkommunar. Verneområda er fordelt på nasjonalparkar, naturreservat, landskapsvernområde, vern av vassdrag og fleire andre former for vern. Med opprettinga av Breheimen nasjonalpark har nesten halvparten av arealet i Ottadalskommunane status som verneområde.

Dette byr på store utfordringar, men også på store moglegheiter i framtidig bruk og utvikling av landbruk, reiseliv og andre næringar. I denne tema delen av årsmeldinga skal vi sjå litt på ulike typar av vern, omfang av vern, kvifor det er viktig med ulike vern, korleis desse områda blir forvalta og kva slag moglegheiter det ligg i vern med tanke på vidare bruk og utvikling av dei verna områda til beste for dei ulike næringane og folk i bygdene våre.

Yellowstone National Park i 1872

Tidleg på 1800-talet starta den første av mange ekspedisjonar til Yellowstone-regionen i USA. Kongressen vart til slutt overtydd om at denne regionen ikkje skulle leggjast ut på offentlig auk-sjon. Den 1. mars 1872 underteikna president Ulysses S. Grant dokumentet som stadfesta at verdast fyrste nasjonalpark – Yellowstone National Park – var oppretta. På nordporten til Yellowstone National Park ved Gardiner i Montana, står det: "For the Benefit and Enjoyment of the People", eller på norsk: "Til glede og nytte for folket." Dette gir uttrykk for kva som var hovudmålet med å opprette nasjonalparken.

I løpet av nokre år vart det oppretta nasjonalpar-kar i Canada, Australia og i fleire andre land. Sverige oppretta sin første nasjonalpark i 1909. Da dette var den første europeiske nasjonal-parken, har 24. mai seinare fått status som den europeiske nasjonalparkdagen.



“Kulturen har rykket indover vidderne”

Også her i landet hadde vernetanken gjort sitt inn- tog. Mellom anna var Yngvar Nilsen (formann i DNT) ein talsmann for dette, og i si tale til generalforsam- linga i DNT den 5. mai 1904 sa han mellom anna:

Det er saa meget, som har forandret sig, og landet selv har der fulgt med. Fjeldet har tabt sin magt. Kulturen har rykket indover vid- derne, og Fjeldet er tillige rykket os alle mere ind paa livet, er kommet oss nær- mere. Forandring-

erne sker raskt. Det bliver da et spørgsmaal, om ikke noget bør gjøres for at bevare det gamle. Hvad skal vi gjøre for at bevare Norges gamle natur? Thi det er ikke alltid glædeligt at se, hvor- dan en fremstormende kultur skaanseløst tager paa denne. Også naturen trænge værn, men faar det ikke.

Skulde det ikke være grund til at tænke paa at holde af en del av Norge? At lade denne bevare sin oprindelige natur til de kommende slægter? Jotunheimen byder sig i denne forbindels uvilkaar- lig frem for tanken, og den maatte faa blive som den er, som et hjem for den ægte natur, et billede af Norge, som det er i dag.

Jotunheimen nasjonalpark i 1980

Her i landet var vi relativt seint ute med natur- vern. Den første lova om naturfreding kom i 1910. Dette førte til vern av plantelivet på Dovrefjell i 1911. Fokstugumyra vart fuglereser- vat i 1923.

Det skulle så gå nesten 60 år frå Yngvar Nilsen lanserte sine planar om nasjonalparkar i Norge på generalforamlinga i DNT før Rondane nasjonal- park vart oppretta i 1962. I dag har talet på nasjo- nalparkar i Norge auka til 35, sju av desse ligg på Svalbard. I vårt område vart Jotunheimen nasjo- nalpark oppretta i 1980 og Reinheimen i 2006. I løpet av 2009 vil den tredje nasjonalparken i Ottadalen, Breheimen, vere eit faktum.

Naturvernlova

Naturvernlova av 19. juni 1970 er det sterkaste verkemiddelet for å sikre viktige område med biolo- gisk mangfald og å ta vare på eit representativt ut- valg av norsk natur og trua og sårbare naturtypar.

Naturvernlova er også viktig for å sikre område til friluftsliv, rekrea- sjon og naturopp- levingar.

T.v.: Spiterstulen før 1900. Post- kort F. Beyers.

Landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområde – St. meld. nr. 62

Stortinget slutta seg gjennom handsaming av St.meld. nr. 62 (1991-92) "Ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområde i Norge" (nasjonalparkmeldinga), til at det skulle utarbeidast framlegg til verneplan for mellom anna Reinheimen og Breheimen – Mørkridsdalen. Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Oppland fekk i oppdrag å utarbeide framlegg til verneplanar for desse områda. Dette arbeidet vart slutført i 2006 for Reinheimen, og i løpet av 2009 blir det gjort endeleg vedtak for Breheimen nasjonalpark.

Naturmangfaldlova

NOU 2004: 28 "Lov om bevaring av natur, land- skap og biologisk mangfald" erstatta naturvernlo- va, delar av viltlova og laks- og innlandsfiskelova. Endringar som følgje av denne lova er m.a.:

- Dei tidlegare vernekategoriene naturminne og vassdragsvernområde er tatt ut.
- Kravet om statsgrunn for nasjonalpark er oppheva.
- Vernekategorien landskapsvernområde (LVO) ivaretek landskap, ikkje eninskildartar, gjerne i kombinasjon med biotopvernområde.
- LVO skal vere ei mild form for vern.
- Større krav til konkretisering av vernebehov.
- Vernekategorien naturreservat er utvida til også å omfatte område som ikkje er uberørte.
- For sikring av verneføremålet i landskapsvern- område og naturreservat skal det samtidig med vernevedtak leggjast fram planutkast for skjøtsel.
- Eventuelle tilskot skal gjevast som kompensasjon for avgrensingar til ny næringsutvikling, eller til næringsutvikling som er tilpassa verneverdiane.
- Det er klarare rammer for dispensasjon frå ver- neføresegnene med større krav til grunngjeving.



Nesten halvparten verna


Landskapsvernområde og naturreservat blir ofte oppretta i tilknytning til nasjonalparkane. Ottadalen og Finndalen landskapsvernområde og Bretttingsmoen naturreservat ligg inntil Reinheimen nasjonalpark og vart freda samtidig med nasjonalparken.

Når Breheimen nasjonalpark nå blir freda, er landskapsvernområda Strynefjell, Mysubytta og Høydalen og naturreservata Røykjeskålvatnet og Høyrokampen med i same prosessen. Honsrøve naturreservat, som var freda i 2006, ligg i utkanten av den nye Breheimen nasjonalpark.

Kartutforming: Visus

Terrengmodell: Gåsvatnkart-tjenester

Det kan vere avvik i innteikna kartgrenser i høve til gjeldande grenser.



Naturreservat:

- 1 Røykjeskålvatnet
- 2 Honsrøve
- 3 Høyrokampen
- 4 Røisheimøy
- 5 Åsjo
- 6 Bretttingsmoen
- 7 Vistehorten
- 8 Sandhorten
- 9 Smådalsvatne
- 10 Blessumkalvkvee
- 11 Stuttgonglie
- 12 Styggemyre

Landskapsvernområde:

- 13 Strynefjell
- 14 Mysubytta
- 15 Ottadalen
- 16 Høydalen
- 17 Finndalen
- 18 Birisjølia

	Lom	Vågå	Skjåk	Sum L/V/S	Oppland	Landet
Samla areal	1967 km ²	2804 km ²	2075 km ²	6846 km ²	25192 km ²	323802 km ²
Jotunheimen nasjonalpark	600 km ²	272 km ²	-	872 km ²		
Reinheimen nasjonalpark	178 km ²	28 km ²	421 km ²	627 km ²		
Landskapsvernområde	104 km ²	30 km ²	127 km ²	261 km ²		
Naturreservat	13,5 km ²	5 km ²	16,5 km ²	35 km ²		
Sum vern før Breheimen km ²	895 km ²	335 km ²	564,5 km ²	1795 km ²		
Sum vern før Breheimen %	45,5%	11,9%	27,2%	26,2%		
Breheimen nasjonalpark	249 km ²	-	944 km ²	1193 km ²		
Landskapsvernområde	11 km ²	-	17 km ²	28 km ²		
Naturreservat	10 km ²	-	7 km ²	17 km ²		
Sum vern inkl. Breheimen km ²	1165 km ²	335 km ²	1532 km ²	3033 km ²	8426 km ²	46553 km ²
Sum vern inkl. Breheimen %	59,2%	11,9%	73,85%	44,3%	33,4%	14,3%

Kjelder: Verneframlegg Breheimen, Fylkesmannen, St. sentralbyrå, Vågå kommune.

Nasjonalparker – kvifor og korleis

Formålet med oppretting av ein nasjonalpark er forskjellig frå park til park. Generelt skal vern sikre eit representativt utvalg av naturområde og trua artar og naturtypar for komande generasjonar. Ein nasjonalpark har ei verneform som er karakterisert som *Middels streng*. Hovudmålet med norske nasjonalparker har tradisjonelt vore å ta vare på meir enn å tilretteleggje for bruk. I seinare tid har uttrykka *Bruk og vern* og *Naturarven som verdiskapar* vorte meir og meir brukt. Allemannsretten er lovfesta i friluftslova og gjev alle lov til å ferdast fritt til fots eller på ski i norsk utmark.

Vernereglar

Det er utarbeidd vernereglar for kvar nasjonalpark der noko er likt og noko spesielt tilpassa dei forskjellige parkane.

Føresegnene for Reinheimen nasjonalpark:

1) Landskapet:

Området er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging.

Dette er ei utviding av føresegnene for Jotunheimen frå 1980 som var reviderte i 2004 og ytterlegare utvida i forslaget for Breheimen der det m.a. er teke inn forbod mot parkering av campingvogner, motorkjøretøy og maskinar.

2) Planteliv:

All vegetasjon, også daude tre og busker, skal vernast mot skade og øydelegging av alle slag. Planting, såing, gjødsling og innføring av nye planteartar er forbode.

Identiske reglar for Reinheimen og forslag for Breheimen, der unntak i føresegnene for Jotunheimen som kjem av vanleg ferdsel, reindrift, jakt, fangst, fiske og utøving av bruksrett er borte.

3) Dyreliv:

Dyrelivet, inkludert hi, reir, hekke, yngle- og gyteplasar, er freda mot skade og unødig uroing. Nye dyreartar må ikkje innførast på land eller i vatn. Kalking av vatn og på land er forbode.

Dette er i grove trekk same ordlyd for alle tre nasjonalparkane. Det er strengare reglar for kalking i vassdrag i Reinheimen.

4) Kulturminne:

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast.

Dette er ikkje teke med som eige punkt i føresegnene for Jotunheimen. Det er identiske hovudreglar for Reinheimen og forslag Breheimen.

5) Ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Dette er ikkje tatt med som eige punkt i føresegnene for Jotunheimen. Det er identiske hovudreglar for Reinheimen og forslag Breheimen.

6) Motorferdsel

Motorferdsel på land og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode.

Det er identiske hovudreglar for Reinheimen og forslag Breheimen, som er skjerpa i høve til Jotunheimen, der det m.a. ikkje er teke atterhald om flyging lågare enn 300 meter over bakken.

7) Forureining


Forureining og forsøpling er forbode i nasjonalparken. Avfall skal takast med ut av området. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet, er forbode.

Reglane er skjerpa for Reinheimen i høve til Jotunheimen og ytterlegare skjerpa i forslag for Breheimen, der det også er forbod mot utandørs lagring av t.d. materialar og gjerdeutstyr.

I vernereglane er det tatt atterhald for aktivitetar som vern ikkje er til hinder for som t.d.:

- vedlikehaldsarbeid av bygningar, anlegg og stigar
- beiting
- skånsam bruk av trevirke til bålbrekking
- sanking av bær og sopp
- plukking av vanlege plantar til eige bruk
- jakt og fiske etter gjeldande reglar
- motorisert ferdsel i samband med t.d. ambulanse-, politi-, brann- og redningsaktivitet
- organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande
- tradisjonell drift og vedlikehald av turisthytter
- bruk av motorbåt og rutebåtdrift på særskilde vatn
- oppføring av fjellstyrehytter og naust
- merking av nye stigar.

I tillegg er det for kvar nasjonalpark lista opp kva for tiltak forvaltninga kan gje løyve til etter søknad.



Jotunheimen nasjonalpark

Fylke: Oppland, Sogn og Fjordane.

Kommuner: Lom, Vågå, Vang, Årdal, Luster.

Oppretta: 5. desember 1980.

Areal: 1151 km² (919 km² i Oppland og ca. 232 km² i Sogn og Fjordane).

Forvaltning: Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Oppsyn:

Statens natur-
oppsyn, Lom

Statens natur-
oppsyn, Vang.

Føremålet med Jotunheimen nasjonalpark er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur.

Nasjonalparksenter:

Norsk Fjellmuseum, Lom

Utladalen Naturhus, Øvre Årdal.

Aasmund Olavsson Vinje kalla i 1862 fjellmassivet mellom aust og vest "Jotunheimen." Namnet henta han frå norrøn mytologi, der vi kan lesa om jotnane som budde i det mektige fjellmassivet der ein finn dei høgste toppane i Nord-Europa. Etter kvart endra namnet seg til Jotunheimen, som er namnet alle kjenner i dag.

Så tidleg som i 1904 var freding av område i Jotunheimen nemnt på generalforsamlinga i DNT. I 1939 kom det første forslaget om å verne delar av Jotunheimen, men forslaget gjekk ikkje igjennom. Deretter vart forslag om vern lagt fram og handsama i dei respektive kommunestyra både i 1956 og i 1965.



Fart i arbeidet på 70-talet

Først på slutten av 1970-talet kom det fart i arbeidet med å opprette ein nasjonalpark og landskapsvern-område i Jotunheimen. Diskusjonen om kraftutbygging pågjeikk nå for fullt i Ottadalen, og store delar av vassdraga i Jotunheimen og Breheimen stod den gongen i reell fare for å bli lagt i røyr. Desse planane vart skinlagde for godt da Jotunheimen nasjonalpark

vart eit faktum den 5. desember 1980.

Reiselivsorganisa-
sjonen i dalen, Otta-
dalen og Jotunheimen


Reiselivslag, var for å opprette både nasjonalpark og landskapsvernsoner og såg i dette eit potensial til å utvikle opplevingsturisme knytt til fjellet. Ikkje alle var like positive til forslaget. Særleg var det stor skepsis til at vern ville medføre ei stor oppblomstring av rovviltet, og at det ville gå ut over jordbruket og storviltbestanden.

Jotunheimen er det høgste fjellmassivet i Skandinavia med isbrear, fjelldalar og mange små og store vatn og elver. Her finn vi bratte fjell og ville brear, og dei fleste av Nord-Europas høgste fjelltoppar ligg i eller like ved nasjonalparken.

Berggrunnen i nasjonalparken er mange stader svært kalkrik. Dette er ein viktig grunn til det rike plantelivet i Jotunheimen. Her veks fleire kalkkrevjande planter som t.d. reinrosa. Jotunheimen har høgdererekord for mange av fjellplantene våre.



Frå Storjувbreen mot Porten. Foto Kjell Ola Haugen.



Storebjørn. Foto Kjell Ola Haugen.

Høgst av alle veks issoleia. På Glittertinden finst ho på 2370 moh. Rausildre og rosenrot veks opp til 2300 moh. Funn av desse artane har fått botanikarane til å undre seg. Kanskje har desse blomane overlevd den siste istida på isolerte, isfrie område på kysten og på fjelltoppar som stakk opp av isbreen.

Funn i randsonene til nasjonalparken viser at folk i bygdene har ferdast i fjellet i tusenvis av år. Jegerar har jakta med pil og boge, snare og seinare med gevær. Det er funne "bægarmar" og bogestelle mura opp av stein og brukte i villreinjakt på fleire stader. Fangst ved hjelp av dyregraver heldt fram til den vart forbode langt ut på 1800-talet. I dag blir det jakta på hjort, elg, og rype, spesielt i randsona av nasjonalparken. Medan villreinen dominerer i vestlege strok, er det tamrein i den austlege delen. Tamreinlaga i Lom og Vågå produserer kvart år ca. 100 tonn reinskjøtt av svært høg kvalitet.

Fiske i vatn, elver og bekker har til alle tider vore viktig matauk. Det var fiska med ymse reiskap, både det vi vil kalle primitive og meir avanserte innretningar. Framleis er fjellaure ein ettertrakta fisk på matbordet både i private heimar og på turistbedriftene i bygdene våre.

Folk som hadde behov for å ferdast mellom aust og vest, nytta oftast fjellet. Det viser dei mange vardane som framleis viser vegen i fjellet. Andre kulturminne er restar etter falkefangarbuer, steinbuer og gamle setrer som i dag er turisthytter. Gjendebu og Memurubu ved Gjende er gode eksempel på dette.

Jotunheimen frå Heilstugutind. Midt på biletet Leirvassbu. Den næraste ryggen er Urdadalstind. Kyrkja med den karaktéristiske kragen til venstre for Leirvassbu. Bak frå venstre Gjertvasstind, Gravdalstind, Fanaråken, Steindalsnosi, Storebjørn, Veslebjørn, Saksa, Vesle Smørstabbtind og Store Smørstabbtind. Til høgre Tverrbotntindane. Foto: Kjell Ola Haugen.



Reinheimen nasjonalpark

Fylke: Møre og Romsdal og Oppland.

Kommuner: Lesja, Skjåk, Lom, Vågå, Norddal og Rauma.

Oppretta: 24. november 2006.

Areal: 1969 km² (av dette 1362 km² i Oppland).

Forvaltning: Kommunane med delegert forvaltningsansvar. Kontaktutvalget for Reinheimen med to representantar frå kvar kommune (den eine ordføraren, den andre valgd av kommunestyret blant grunneigarane/rettshavarane) og ein representant frå Ottadalen villreinutvalg.

Administrasjon: Sekretær i 50 % stilling tilsett i løpet av 1. halvår 2009 med kontor på Lesja.

Oppsyn: Statens naturoppsyn, Rauma og Statens naturoppsyn, Skjåk.

Nasjonalparksenter/informasjonscenter: Norsk Fjellmuseum, Lom.



Frå opninga av Reinheimen nasjonalpark i august 2007. Statsråd Helen Bjørnøy, Skjåkkordførar Ola Stensgård og fylkesmann Kristin Hille Valla. Foto Elias Sperstad/GD.

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstamma i Ottadalen.
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.



Reinheimen nasjonalpark er den tredje største nasjonalparken i Norge og ligg i eit stort, samanhengande, villmarksprega fjellområde der ei av dei mest produktive villreinstammene i landet har sine leveområde. Nasjonalparken har naturleg nok fått namnet sitt etter villreinen i fjella her.

Naturen er variert. Her finst tindeprega fjellparti, frodige seterdalar, fjellvidder og vassdrag. Det er stor variasjon i vegetasjonen, og faunaen er artsrik. Mykje av det opphavlege fjelløkosystemet med villrein, jerv, kongeørn, jaktfalk og rype er å finne her. Elg, hjort, rådyr og gaupe finst i delar av verneområdet. Meir enn 155 ulike hekkande fuglearter er registrerte.



Villrein. Foto Per Steinar Løkken.



Skårvangen med Finndalen, austgrensa for Reinheimen nasjonalpark. Foto: Mathias Øvsteng.

Det er eit mangfald av kulturminne og kulturlandskap som fangstanlegg, gravfunn og mange seterstular. Verneområdet er vurdert å ha stor opplevingsverdi, og er viktig i formidling av kunnskap om fortid og nåtid. Folket i bygdene rundt Reinheimen har alltid vore nær knytte til fjellet. Jakt, fiske og beite for sau og storfe er framleis viktig. I skandinavisk samanheng er nasjonalparken eitt av dei viktigaste områda for kulturminne etter jakt og fangst frå jernalder til middelalder. Villreinen følgjer dei same trekkrutene som for tusenvis av år sidan, og dyra passerer framleis dei gamle fangstsystema. Enkelte stader vart reinen driven ut i vatn og vart fanga der. Det er funne over tusen kulturminne knytt til reinsjakt. Ved sida

av kulturminna frå forhistorisk tid, finst jakt- og fiskebuer frå dei siste par hundre åra.

Også i Reinheimen er det tydelege spor etter isen, og korleis breen og breelvene har forma landskapet. Elvane Istra, Rauma, Lora, Finna, Skjerva, Tora og fleire har kjeldene sine i Reinheimen. Desse dannar ville og vakre elvedalar på sin veg ned mot vatn og fjordar.

Villreinen finn godt beite her heile året. Sidan levekåra er så gode, får dei fleire kalvar som veks opp, og slaktevekta på dyra er høg samanlikna med andre villreinstammer i Norge. Få større menneskeskapte inngrep og liten ferdsel gjer at reinen får gå i fred.



Fangstgrav i Gravdalen. Foto Mathias Øvsteng.

Breheimen nasjonalpark



Mysabyttalen. Foto: Per Steinar Løkken.



Lundadalen frå Sandgrovfjellet. Foto: Per Steinar Løkken.



Hestbrepiggane. Foto: Per Steinar Løkken.

Fylke: Oppland og Sogn og Fjordane.

Kommuner: Skjåk, Lom og Luster.

Oppretta: Pårekna Kgl. resolusjon i løpet av 2009.

Areal: 1707 km² (av dette 1193² i Oppland).
72 % av samla verneareal er privat grunn.

Forvaltning: Forvaltningsplan/forvaltningsmodell blir avklara i eigen prosess etter at vernespørsmålet er avgjort.

Breheimområdet er den tredje store nasjonalparken som blir etablert i Ottadalen. Med Breheimen nasjonalpark vil vel 44 % av samla areal i Ottadalskommunane vere verna. I tillegg kjem dei restriksjonane som er lagde på verna vassdrag med tilhøyrande nedbørsfelt og band lagde på prioriterte naturtypar og kulturlandskap. Skjåk blir nå den kommunen i landet som har meste verna areal.

Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning har gitt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Oppland i oppdrag å følgje opp nasjonalparkmeldinga ved å utarbeide framlegg til verneplan for dette området med konsekvensutgreiing og gjennomføre høyring.

Etter at lokalsamfunnet har gitt sine attendemeldingar, går saka frå Fylkesmennene via Direktoratet for Naturforvaltning som sender si endelege fråsegn vidare til Miljødepartementet og endeleg avgjerd som Kongeleg resolusjon.

Formålet med oppretting av Breheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på leveområde til villreinstamma i Ottadalen villreinområde
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- ta vare på ein variasjonsriksdom i geologi med særprega geologiske førekomstar får istida og den vetle istida, klima, vegetasjon og landskap
- verne om kulturminne.

Om området

Breheimen nasjonalpark vil ha uvanleg stor variasjon i landskap og vegetasjon med svært stor skilnad på høgde over havet og nedbørmengde i dei ulike delane av parken.

Breheimen er prega av store, samanhengane naturområde utan særleg synlege teikn på menneskeleg inngrep. Område med villmarksprege er område som ligg minst 5 km frå tekniske inngrep i naturen, t.d. vegar, kraftliner eller kraftutbygging.

Som namnet tyder på, er det mange brear og spor etter brear og breelver i nasjonalparken med store verneverdiar knytt til korleis isen og breelvene på ulike måtar har forma landskapet gjennom tidene. Avsetningar viser korleis innlandsisen har bevega seg både mot aust og mot vest. I tillegg er det spor etter seinare brear frå den vesle istida. I delar av nasjonalparken er det eit svært rikt dyreliv med m.a. villrein, ein del rovdyr og rovfugl. Også her er det fleire større, ville vassdrag.

Heile verneframlegget omfattar eit heilskapleg naturområde frå fjord til fjell med stor variasjon i plante- og dyreliv. Nasjonalparken har stor opplevingsverdi, og er mykje brukt som turterreng sommar som vinter.

Mange fagrapportar

Det er utarbeidd ei rekkje fagrapportar og konsekvensutgreiningar i samband med verneplanen for Breheimen. Her blir verneverdiane presenterte og konsekvensane av vern gjennomgått. Tema det er laga fagrapportar om, er landskap, naturmiljø, villrein, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, landbruk og tamreindrift, reiseliv, hytter og andre bygningar, kraftressursar, motorferdsel, samferdsel, kleberstein og lokalt tilhøyre og framtidig forvaltning.

Forvaltningsmodell

Korleis Breheimen nasjonalpark og tilgrensande landskapsvernområde og naturreservat skal forvaltast, blir det tatt stilling til i etterkant av vernevedtaket. Lom kommune ønskjer ei samordna forvaltning for heile parken med ein interkommunal modell, eller at fylkesmannen har forvaltningsansvaret. Skjåk kommune ønskjer ein forvaltningsmodell som gjev kvar kommune ansvar for eigne område – gjerne med Fylkesmannen med på laget.

Også dette spørsmålet blir endeleg avgjort av Stortinget etter tilråding frå Fylkesmannen via Direktoratet for Naturforvaltning.

Rein på Skjellflye med Tverrådalsskyrkja i bakgrunnen.
Foto: Per Steinar Løkken.



Naturreservat



Naturreservat er den strengaste forma for vern i Norge. Det kan vera totalfreda eller freding for eit bestemt formål. Eit naturreservat omfattar urørt eller tilnærma urørt natur, eller det kan vera natur som er spesielt viktig for forskning og undervisning. Våtmarksområde er spesielt viktige, og ein del av desse kan ha stor internasjonal interesse. Naturreservat kan vera stengt for ferdsel delar av året, t.d. i hekketida. Elles i året kan det vera lov å ferdist etter bestemte reglar. I 2006 var det 1774 naturreservat i Norge inkludert Svalbard. Alle naturreservata blir oppretta med heimel i naturvernlova, og blir vedtatt ved Kongeleg resolusjon, dvs. av Stortinget. I Ottadalen vil det etter prosessen med Breheimen vera i alt 13 naturreservat. Røykjeskålsvatnet i Skjåk og Høyrokampen i Lom er dei to nye.

Smådalsvatne naturreservat

Smådalsvatne naturreservat vart oppretta i 1990. (Det var gjort framlegg om oppretting av Smådalen Landskapsvernområde som del av Jotunheimenprosessen i 1980 utan at det vart gjennomført.) Smådalsvatne naturreservat er eit våtmarksområde som omfattar elva Smådøla og to grunne vatn, Øvre- og Nedre Smådalsvatnet. I tillegg er det også noko myr og ein

del fastmarksrabbar. Reservatet er hekkeplass og tilhaldsstad for vassfugl om sommaren. Det finst ei mengd planter både i vatna og på land som normalt ikkje veks så høgt til fjells.



Åsjo naturreservat

Aust for Fossbergom mellom Rv 15 og elvene Bøvre og Otta. Reservatet vart oppretta i 1990.

Åsjo er eit grunt, næringsrikt og lite vatn omkransa av ein elvesnelle- sump, dyrka mark, krattskog og strandeng. Åsjo har stor verdi som hekkeplass og kvilestad for mange slag trekkfuglar, særleg andefuglar. Fleire svanepar har fast tilhald her i sommarhalvåret. Mange riksefuglar som normalt vil hekke lenger sør på Austlandet, er observert her. Dei seinare åra ser det ut til at elvesnella breier seg meir og meir utover i vatnet. Kanskje har det samanheng med at gjennomstrøyminga av vatn frå Bøvre er svært redusert. Det blir ofte observert elg og rådyr som beiter i kanten av Åsjo og i krattskogen rundt.



Åsjo naturreservat. Foto: Per Bådshaug.

Blessumkalvkvee naturreservat

Blessumkalvkvee naturreservat ved Randsverk vart oppretta så tidleg som i 1918, og er det eldste verneområdet i Oppland freda etter Naturvernlova. Verneområdet er ein gammal, nokså glissen, grov furuskog og høgstaudemark.



Risheimøye naturreservat



Risheimøye naturreservat ligg i Ottaelva på grensa mellom Lom og Skjåk. Dette er eit grunnvassområde med fleire øyer, lagunar, strandeng og næringsrike strand-snellesumpar. Risheimøye er eit viktig kvileområde for vassfuglar, spesielt ender, og blir brukt som hekkeplass og til fjørfelling. Området vart naturreservat i 1990. Foto: Per Bådshaug.



Brettingsmoen naturreservat

Brettingsmoen naturreservat ligg mellom Reinheimen nasjonalpark i nord og Finndalen landskapsvernområde i sør. Naturreservatet gjekk inn som ein del av verneplanen for Reinheimen i 2006. Brettingsmoen inngjekk i Verneplan skog i 2005, men vedtaket vart utsett til handsaminga av Reinheimen. Brettingsmoen blir vurdert som svært verdigfull fordi det er eit naturområde med naturskog utan nyare inngrep.



Honnsrøve naturreservat

Honnsrøve naturreservat vart oppretta i 2005. Dette er eit stort, unikt og vakkert område med gammal kraggfuruskog vest for Pollfoss i Skjåk. Målet med vern er å ta vare på eit tilnærma urørt skogområde som økosystem med alt naturleg plante- og dyreliv. I dette naturreservatet finst den største, kjende funnet av ulvelav i Europa. Det spesielle ved denne lavarten er at han veks på daude tre.



Forekomststaden av ulvelav i Honnsrøve er rekna som den største i Skandinavia. Foto Stig Aaboen.



Høyrokampen naturreservat

Høyrokampen er eitt av to naturreservat i tilknytning til Breheimen nasjonalpark. Naturreservatet er venta vedtatt i Stortinget i løpet av 2009.

Kartlegging av plantelivet slår fast at heile Høyrokampen har store naturfaglege kvalitetar. Fukt kombinert med kalkrik berggrunn i eit terrenng som skrånar mot sør-aust har skapt ideelle vekstforhold for sjeldne planter. Det er registrert meir enn 30 artar som er så sjeldne at dei står på den nasjonale raudlista. M.a. veks orkideen marisko, og her finst den einaste livskraftige bestand av aursundløvetann. Andre sjeldne planter er m.a. skogstorkenebb, engsoleie, brudespore, gulsildre, fuglestorr og mjørdurt.



Bøvertjønnen og Høyrokampen. Foto: Visus.



På oppdrag frå Fylkesmannen i Oppland og Statens vegvesen er karplantar, lav, mosar og beitemarksopp kartlagde og verdsette i Høyrokampområdet. Arbeidet er gjort av Miljøfaglig utredning AS i samband med utgreiing av vern og rassikring langs Bøvertønvatnet. Fuktigheit, den kalkrike berggrunnen, det skrånande terrenget og hellinga mot søraust gjev ideelle veksttilhøve for plantar i dette området. Plantane veks tettare og blir høgare enn andre stader, og blomsterrikdommen tidleg i juli blir i rapporten karakterisert som overveldande. Oppretting av eit naturreservat medfører skrinlegging av planane om nye hytter ved Nedre Bøvertjønnen. Planområdet omfattar den frodigaste bjørkeskogen i lia, og hytteutbygging kan etter plandokumenta skade førekomstar av aursundløvetann, element som er viktige i verneområdet.

Røykjeskålvatnet naturreservat

Reservatet ligg vest for Sota på baa sider av Røykjeskålvatnet. Furuskogen rundt vatnet, som gradvis går over i bjørkeskog, har stor biologisk verdi. Området er klassifisert som svært viktig fordi det er eit stort intakt område med gammal skog eller urskog. Så velutvikla og intakt gammal-skog er sjeldan. Det er observert mange sjeldne fugleartar som haukugle, rødstjert, svartspett og

tretåspett. Lappmeis, som er ein svært uvanleg gjest i skogane i Sør Norge, vart observert i hekketida på 1980-talet, og den hekkar framleis her. Det blir tilrådd ikkje å hogge ned furu eller bruke furu til bålbrekking p.g.a. faren for å øydelegge sopp som står oppført på raudlista. I området er det spor etter tidlegare hogst i form av stubbar i sein nedbrytingsfase. Området blir beita av storfe.

Mest interessant er funn av raudlisteartane brudespore og kvitkurle, som veks på nordsida av vegen inn til Mysubytta. Her er det også funne grov nattfiol og skogmarihand. Kvitkurle er sjeldan i Oppland, med svært få funn i nyare tid. Frå tidlegere er det dessutan kjende funn av ulvelav og brun kvitkjuke i området. Beiting på dagens nivå bør oppretthaldast og er positiv for området.



Røykjeskålvatnet. Foto: Per Steinar Løkken.

Styggemyre naturreservat

Styggemyra naturreservat grensar mot Birisjølie landskapsvernområde like ved Griningsdalen. Dette er eit myrområde der ein finn rikmyr, bakkemyr og nedbørsmyr. Det finst ei mengd plantar som er typiske for slik myrer i fjellet. Spreidd utover i reservatet er det mange gamle, store og grove furu.

Stuttgonglie naturreservat

Stuttgonglie naturreservat vart oppretta i 1983 og ligg i Sjødalen aust for elva Sjoa i Vågå. Reservatet er ei skogsli med gammal furuskog. Det meste er kreklingfuruskog som vekslar med låg furuskog. Øvst i reservatet veks det ein del fjellbjørk. I sør grensar reservatet mot Birisjølie landskapsvernområde.



Frå Melistjønne,
Stuttgonglie
Foto: Vågå fjellstyre,
Erik Myrum.

Vistehorten og Sandehorten naturreservat

Vistehorten og Sandehorten naturreservat vart båd oppretta 9. juli 1993. Reservata ligg i dei sørvestvende bakkane i Nordherad på nord-sida av Vågåvatnet. Verneområda er referanseområda for det som blir kalla Ottadalstypen av kalkfuruskog, og dei viktigaste funna av tørreng i landet.

Det er svært verdifullt på grunn av at ein god del spesielle og sjeldne artar lav veks på desse tørre rabbane. I tillegg er reservata ein del av gammalt kulturlandskap. Foto: Roar Strand.



Landskapsvernområde

Eit landskapsvernområde er eit område med eigenarta natur, vakkert naturlandskap eller kulturlandskap eller ofte ein kombinasjon av desse. Verneforma er ikkje så streng som for naturreservat og nasjonalparkar. Landskapsvernområda kan vere forskjellige og mangearta med store variasjonar. Verneforma blir brukt for å ta vare på verdifulle kulturlandskap og naturområde som er aktivt i bruk, t.d. seterdrift og beitemark.

Andre landskapsvernområde omfattar store, intakte naturområde med stort biologisk mangfald. Landskapsvern skal vera med på å sikre eit stort og representativt spekter av naturtypar som finst i Norge. Vi har nå ca. 160 landskapsvernområde i Norge, tre av desse ligg i Ottadalen. Med Breheimen følgjer tre nye; Strynefjellet, Høydalen og Mysubytta.



Mysubytta landskapsvernområde

Landskapsvernområda knytt til Breheimen. Område Sota-Mysubytta i Skjåk og Mørkridsdalen i Luster er døme på kulturlandskap som

framleis blir beita, om enn langt mindre enn før. Både i landskapsformer, vegetasjon, byggeskikk og setertradisjon er det ein stor overgang frå den ville, vegtlause Mørkridsdalen til Sota-Mysubytta, sjølv om den geografiske avstanden er berre ein god dagsmarsj. Mysubytta er ei delvis modernisert setergrend med fleire nyrestaurerte bygningar. Samstundes ber setergrenda preg av at det har vore samanhengande seterdrift her i fleire hundre år. Grensar mot Røykjeskålvatnet naturreservat i sør.



Mysubytta er prega av at det har vore seterdrift her i fleire hundre år. Foto Stig Aaboen.


Ottadalen landskapsvernområde

Ottadalen landskapsvernområde vart oppretta i samband med Reinheimen nasjonalpark i 2006 og femner om areal i alle tre Ottadalsbygdene. Formålet med Ottadalen landskapsvernområde er å ta vare på den eigenarta naturen og høgjellslandskapet. I tillegg er det her lagt vekt på å ta vare på det biologiske mangfaldet med særleg vekt på villreinstamma i Ottadalen nord, og kulturminne mellom anna knytt til vatningsanlegg. Sjå kart side 38. (Det var gjort framlegg om oppretting av *Nord-Ottadalen landskapsvernområde* alt som del av Jotunheimenprosessen i 1980.)

Finndalen landskapsvernområde

Finndalen landskapsvernområde vart oppretta samstundes med Reinheimen nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde i 2006. Mesteparten av det verna området ligg i Lom, resten i Vågå. Her er det òg lagt vekt på å ta vare på det verdifulle setermiljøet og kulturlandskapet knytt til det, i tillegg å ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, geologiske førekomstar og den særprega vassdragsnaturen.





Høydalen landskapsvernområde

Denne fjelldalen er eitt av tre landskapsvernområde som er planlagt oppretta i samband med Breheimen. Dalen går aust-vest, er ein typisk u-dal med det 6 km lange Høydalsvatnet i botnen. Landskapet er ei blanding av bratte fjellsider, gamle setervollar og nydyrking på flatene i vestre enden av Høydalsvatnet. Det er framleis aktivt jordbruk i dalen med geitseter og storfe på sommarbeite. Kulturlandskapet er tatt vel vare på. Høydalen er ein av innfallsportane til Breheimen, og kan truleg bli meir trafikkert når nasjonalparken blir oppretta. Høydalen landskapsvernområde grensar mot Høyrokampen naturreservat i sør.



Frå Høydalen. Foto: Visus.



Strynefjellet landskapsvernområde

Landskapet på baa sider av Gamle Strynefjellsvegen mellom Grotli og Videsæter er foreslått verna som landskapsvernområde. Her er det eldre hyttebygging utan nyare tekniske inngrep som forstyrar kulturmiljøet som er knytt til den Gamle Strynefjellsvegen. Denne vegstrekninga vart opna i 1894 og er ei av dei første vegstrekningane i Norge som fekk status som Nasjonal turistveg. Den gamle vegen representerer eit veganlegg i eit utsett fjellmiljø, og er eit betydeleg kulturminne som har stor opplevingsverdi.



Birisjølie landskapsvernområde

Landskapsvernområdet som vart oppretta i 1983 ligg aust for elva Sjøa i Vågå, og grensar mot Stuttgonglie og Styggemyre naturreservat. Dette er eit vakkert skogområde med mykje gammal kraggfuru. Innanfor verneområdet finst det eit vidt spekter av vegetasjonstypar.



Foto: Vågå Fjellstyre, Erik Myrum.



Kulturlandskap

Kulturlandskap kan definerast som landskap påverka av menneskeleg aktivitet. Vi tenkjer da helst på kulturlandskap som er forma av aktivitet knytt til jordbruket. I fagleg samanheng er det gjerne det "gamle" jordbrukslandskapet som blir knytt til omgrepet kulturlandskap.

I 1991 sette Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning i gang ei nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. I Oppland er det gjort eit utvalg på 13 område med store kulturhistoriske og miljømessige kvalitetar. Tre av desse ligg i Ottadalen og for området Bøverdalen-Flåklipa-Visdalen og Nordherad er det alt ferdigstilt områdeplanar. Alle desse områda var med på lista alt i 1992 ved gjennomføringa av "Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap" i regi av Miljøverndepartementet og DN.

Arbeidet med utveljing av verdifulle kulturlandskap skal vere dokumentert og underlagt forvaltning innan 2010. Som viktige tiltak er det særleg peikt på auka beite for å hindre attgroing, skjøtsel av område som gror att og bevaring av biologisk mangfald og genetiske ressursar.

Bøverdalen



Bøverdalen i Lom kulturlandskapsområde strekkjer seg frå Fossbergom, ytre del av Visdalen, oppover til Slåligrenda, vidare til Runningom og Netosetra. Dalen er smal med elva i botnen. Mange gamle, velhaldne gardar ligg innunder bergskråningane. Den dyrka marka ligg på flatare område ved elva, medan beitemarka er oppover liene. Dei aller fleste gardane er framleis i bruk. Området har stor kulturhistorisk, økologisk og botanisk interesse. Det er registrert mange kulturminne som vassvegar, gamle veganlegg, steingjerde og rydningsrøyser. Bøverdalen er sett på som spesielt verneverdig med stor prioritet for forvaltning. Dalen er kulturhistorisk interessant, og har stor botanisk-økologisk interesse. Dette er eitt av seks område i Oppland som er med på den nasjonale oversikta over verdifulle kulturlandskap i Norge. Foto: Visus.

Nordherad



Nordherad i Vågå er eit gammalt kulturlandskap med store variasjonar. Området er rikt på biologisk mangfald og har mange kulturminne som vassveiter, ferdselsvegar, rydningsrøyser, steingardar, restar etter jernvinning, steinbrot og dyregraver. Funn av steinøkser og skålgroper tyder på at det var jordbruk her i stein- og bronsealderen. Gardsnamn og gravhaugar frå jernalderen tyder på auka busetting i den perioden. Grenda har mange særprega gardstun, 38 freda bygningar og 22 verneverdige seterhus. Området er nedbørsfattig, men ein rik berggrunn og intensiv beiting gjennom mange hundre år gjer at svært mange planter trivst her. Nordherad har internasjonal/ spesiell verneverdi og er på den nasjonale lista over "20 utvalde kulturlandskap i landbruket". Sandehorten og Vistehorten naturreservat går inn i dette området, som er sett på som spesielt verneverdig med stor prioritet for forvaltning. Foto: Roar Strand.

Bråtågrenda



Gardane i Bråtågrenda i Skjåk vart rydda på 1700-talet, den første i 1733. Gardane i den midtre delen av grenda var opphavleg setrer. Det er framleis gardsdrift. Grenda er brattlendt og jordteigane relativt små. Registrerte kulturminne er først og fremst fangstanlegg og gamle veganlegg.

Området blir karakterisert som spesielt verneverdig med stor prioritering for forvaltning. Den kulturhistoriske og økologisk-botaniske verneverdien er kategorisert å vera av stor regional interesse. Foto: Per Steinar Løkken.

Naturminne, biotopvern og artsvern

I tillegg til dei verneformene vi har vore inne på tidlegare er naturminne, biotopvern og artsvern samla under fellesområdet "Andre verneområde".

Naturminne er i hovudsak knytt til mineralar, fossil eller kvartærgeologiske førekomstar. For naturminne vil det ofte kunne vera like strenge restriksjonar som i naturreservat.

Biotopvern (dyre-/fugle-/plantefredingsområde) er vern av leveområde til dyre- og/eller planteliv,

og blir ofte brukt i staden for naturreservat når området ikkje er tilstrekkeleg urørt. Biotopvern har normalt mindre strenge restriksjonar enn naturreservat.

Artsvern (plante- og dyrelivsfreding) er vern av artar utan at sjølve området er freda. Artsvern kan gjelde generelt for heile landet eller for bestemte område. Formålet er å verne artar eller artssamfunn som står i fare for å bli trua eller utrydda, til dømes gjennom plukking og innsamling.

Raudlisteartar

Norsk Raudliste, som siste gongen var revidert i 2006, er ei oversikt over trua plantar, fuglar, dyr og fisk som står i fare for å dø ut frå norsk natur. Når ein art er trua, kan årsakene vere fleire og også vanskeleg å påvise. Artar som står i fare for å forsvinne frå naturen blir gjerne kjenneteikna ved at dei anten er sjeldne eller minkar kraftig i antal. Det er Artsdatabanken som står for utgjevinga av Raudlista, som skal reviderast oppdaterast på ny innan 2010.

Fuktigheita, kombinert med den kalkrike berggrunnen og det skråna terrenget mot søraust, har skapt ideelle veksttilhøve og dermed ein heilt spesiell konsentrasjon av mange sjeldne planter i området Høyrokampen, som nå blir naturreservat.

Orkideen marisko frå Høyrokampen. Foto: Odd Repp.



Prioriterte naturtypar

I kvar kommune er det gjort omfattande registreringar av såkalte prioriterte naturtypar. Ein naturtype er eit område med einsarta natur med særskilde trekk. Kvar naturtype har oftast unik samansetjing av artar.

Dei prioriterte naturtypene er delt inn i tre viktighetsgradar. Handboka for klassifisering til DN omtalar i alt 56 naturtypar som er "Spesielt viktige". Handboka gir grunnlag for kommunale kart, som saman med lokalitetar for trua artar, opplysning om viltbestanden og kartlegging av ferskvatn utgjer grunnlaget for arealplanlegging og forvaltning i kommunane.

I Ottadalen er det i alt 11 område kategorisert som Svært viktig på lista over Prioriterte naturtypar:

- Svartberget (Vågå) – kalkrike område
- Jukulbergje (Vågå) – sørvendte berg og rasmarker
- Memurubu-Gjendesheim (Vågå/Lom) – sørvendte berg og rasmarker
- Aualehaugen (Skjåk) – erstatningsbiotopar
- Framruste (Skjåk) – gamal barskog
- Skytebana (Skjåk) – erstatningsbiotopar
- Nyseætervatnet-Åsen-Botn (Skjåk) – gammal barskog
- Nord for Skaihøe (Lom) – kalkrike område
- Åsjo (Lom) – rik kulturlandskapssjø
- Finndalen (Lom) – flomdammar og meanderande elveparti
- Bøvertan (Lom) – sørvendte berg og rasmarker

Vern av vassdrag

Tanken om vern av naturen mot varige inngrep vart særleg aktuell på 1970-talet da diskusjonen om kraftutbygging pågjekk. Store delar av vassdraga i fjellheimen rundt oss stod den gongen i reell fare for å bli lagde i røyr. Desse planane vart skrinlagde – heldigvis, vil mange seia.

Mange vassdrag i Norge er verna med heimel i Verneplan for vassdrag. Stortinget har vedteke fleire slike planar; i 1973, 1980, 1986, 1993 og 2005. I alt er 387 vassdrag verna, av desse er 39 i Oppland. Verneplanen omfattar mange ulike vassdragstypar.

Målet er å verne eit representativt utsnitt av norsk vassdragsnatur for komande slekter. Vernet er i utgangspunktet avgrensa til vern mot kraftutbyg-

ging. Sjølv om eit vassdrag er verna, kan likevel kraftutbygging bli godkjend så sant det ikkje minskar verneverdien vesentleg eller er til stor ulempe for allmenne interesser.

I våre bygder er desse vassdraga verna:

Sjoa: 1993, nedbørfelt 1530 km².

Bøvre: 1991-92, nedbørfelt 838 km².

Skjøle: 1991-92, nedbørfelt: 191 km².

Ostre m.Tundra: 1991-92, nedbørfelt: 475 km².

Glitra: 2003-04, nedbørfelt: 60 km².

Måråe: 2003-04, nedbørfelt: 79 km².

Strynevassdraget: 1993, nedbørfelt: 537 km².

Tora: 2003-04, nedbørfelt: 263 km².

Lora: 2003-04, nedbørfelt: 357 km².

Finna: 1991-92, nedbørfelt: 464 km².



Sjoa med Stuttgonglie til venstre. Foto: Mathias Øvsteng.



Bøvre ved osen av Bøvertjønnen. Høyrokampen naturreservat fylgjer vasskanten på nordsida av elva. Foto: Visus.



Måråe. Foto: Per Steinar Løkken.

30 år med Jotunheimen nasjonalpark



Ole K. Vole var leiar for Ottadalen og Jotunheimen Reiselivslag på 1970-talet. Reiselivsorganisasjonen kom i 1978 med fråsegn til tilrådinga om oppretting av Jotunheimen nasjonalpark – ei fråsegn som i dag kan synast både framsynt og velfundert:

Styret vil si seg tilfreds med forslaget til oppretting av disse verneområdene og antar at opprettelsen av Jotunheimen Nasjonalpark vil måtte få stor betydning for en fortsatt god utvikling av turisttrafikken i vårt distrikt. Den mengde turisme som til i dag har vært, og den statistiske utvikling som tursttrafikken i fjellet viser, indikerer ikke noen fare for "kommersiell turisme i stor stil" i overskuelig framtid.

Reiselivslaget peikte elles på ein del vilkår om måtte oppfyllest når det galdt transport til og frå turisthyttene i nasjonalparken og oppmoda til samarbeid med styresmaktene for å få løyst avfallsproblema på ein forsvarleg måte.

Ole K. Vole har som næringsdrivande inne i Nasjonalparken hatt restriksjonane tett på kroppen heilt sidan Jotunheimen vart nasjonalpark i 1980. Han er stort sett tilfreds med måten ting har fungert på og meiner dette i stor grad handlar om å innrette seg. Ut i frå ein styrars funksjon i Glitterheim meiner han vernerestriksjonane har fungert fint.

- Vi har nok vore litt fortusta på at ikkje styresmaktene har vore villige til å ta dei eksta kostnadene vernet faktisk har medført m.a. når det gjeld vedlikehald av veg. Etter at det vart nasjonalpark i området må masse hentast utanfor parken.

- Transport inn til turisthytta hadde vi tradisjonar for, og det har aldri vore vanskar med dispensasjonar her. Rett nok er det ikkje alle som skjønar heilt kvifor vi ikkje kan gje skyss attende til bilen ved bommen etter at turistane har vore på Glittertinden eller andre turar i fjellet. Det er det mange som må ha ei forklaring på. Litt betre har det vorte etter at vi fekk sykklar for utleige. All organisert aktivitet inne i verneområdet som t.d. hesteriding må det søkjast om på førehand.

- Det har også alltid vore forståing for dei straks-tiltak vi har måtte gjort inne i parken når til dømes bruer har gått med i flaumen eller vegen har rasa ut. Eigentleg skulle vi da ha hatt godkjenning på førehand før vi har sett i gang med utbetningsarbeid. Litt tungvint kan det vera at vi må ha løyve frå forvaltninga også på lovpålagde tiltak. Vole legg til at han er godt nøgd med at tamreindrift og vern kan gå hand i hand i parken.

Ole Vole er meiner at dei ulempene som har vore som fylgje av vernet, berre er bagatellar i høve til dei positive verknadene nasjonalparken har hatt:

- Mange kjem hit rett og slett fordi det er nasjonalpark i området. Svært mange oppsøker området nettopp fordi det er verna.



Øvst: Mot Smådalshøe og grensa til Jotunheimen nasjonalpark. Nedst: Veodalen vestover mot Styggehøbrean. Foto: Glitterheim.

Naturarven som verdiskapar

Halve arealet i dei tre Ottadalskommunane er nå underlagt ei eller anna slags verneform. Dette fører med seg strenge restriksjonar på bruk og utnytting av areal og naturressursar for oss som skal leva og bu i dette området. Samtidig som stadig meir areal blir verna, aukar pågangen av besøkjande som ynskjer å utforske desse områda.

I den såkalla Fjellteksten signaliserte Stortinget alt i 2003 ein auke i den næringsbruken av verneområda i Norge. I den nasjonale reiselivsstrategien som vart framlagd i 2007, gir regjeringa uttrykk for at natur- og kulturarven i bygd og by skal sikrast som ressurs for lokalsamfunna og for lokal verdiskaping. Miljøverndepartementet og Kommunal- og Regionaldepartementet har frå 2009 gått i gang med prosjektet "Naturarven som verdiskapar", der Lom kommune er ein av fem kommunar på landsbasis som deltek. I 2009 er det avsett 10 millionar kroner til dette prosjektet, og det er signalisert at dette beløpet vil auke i åra som kjem.

Det er miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen som har prosjektleiinga for dette i fylket vårt. Dette er eit krevjande prosjekt der ein på den eine sida skal ivareta naturen og dei krava vernevedtaka medfører, og på den andre sida skal leggje til rette for fleire besøkjande i verneområda.

Nasjonalparker er ei internasjonal innarbeidd merkevare som står for det beste av naturopplevingar. I ei samanlikning av Jotunheimen nasjonalpark med nasjonalparker i Italia blir det konkludert med at Norge har eit stort konkurransefortrinn. Både på grunn av eit vesentleg mindre besøkstal og mykje meir urørt natur. Dette er fortrinn det er viktig å ta godt vare på. I samarbeid med Sogn og Fjordane skal det utviklast ein besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark i løpet av 2009.

Bruk men ikkje forbruk

Samtidig har Direktoratet for Naturforvaltning sett i gang prosjektet *Bruk, men ikke forbruk* – korleis kan det leggjast til rette for vidareutvikling av naturbasert reiseliv samtidig som vi tek vare på naturen og friluftslivet. Gjennom gode døme på miljøtilpassa reiseliv prøver DN her å bidra til at auka bruk av verneområda ikkje skal føre til tilsvarende auka slitasje. Dette blir delvis gjort ved å presentere ei rekkje verksemder som arbeider på denne måten. Frå vårt område er Naturopplevingar og Upptur brukt som gode døme.

Nasjonalparker er opprettet for å ta vare på store naturområder – fra hav til fjell. For oss, for kommende generasjoner og for naturens egen skyld. Men å ha en nasjonalpark innenfor kommunegrensa må ikke bli utviklingshemmende, men utviklingsfremmende. Vi må få til næringsutvikling på vernets premisser – og god lokal forvaltning.

Fjellet og utmarka er den viktigste ressursen i mange kommuner og grunnlag for turisme og næringsutvikling i distriktene. Verneområdene er de mest storslåtte og mangfoldige arealene i Norge, og når storsamfunnet gjør krav på disse arealene, er det naturlig at kommunene bestreber seg på å få noe igjen. Vi opplever en sentraliseringsbølge, men en ting kan vi ikke sentralisere – nemlig naturen vår.

Utdrag tale Fylkesmannen i Oppland ved åpning av nasjonalparklandsby i Lom 24. mai 2008.

Stigprosjekt Besseggen

Besseggen er Norges mest besøkte turistrute inne i nasjonalpark. Det finst ikkje fullgode tal for kor mange som vitjar Besseggen i løpet av eit år, men det er rekna med at talet ligg på nærare 50000. Berre stigen opp til Preikestolen i Rogaland har fleire besøkjande. Som eit resultat av den store



Arbeidet med stigen opp mot Besseggen.
Foto: Knut Øyjordet.

slitasjen på stigen har det vore naudsynt å setje i verk varige tilretteleggingstiltak på stigen opp mot Besseggen. Sommaren 2005 la miljøvernminister Knut Arild Hareide ned ein "god tur-stein" som starten på Stigprosjekt Besseggen. Det er brukt i alt 4,5 millionar kroner til prosjektet, som vil bli fullført i løpet av sommaren 2009.

Bak prosjektet står Lom fjellstyre, Vågå fjellstyre, DNT Oslo og Omegn, SNO Jotunheimen og Fylkesmannen i Oppland. I tillegg til å gjennomføre tilretteleggingstiltak på stigane tilknytt Besseggen skal det byggjast opp fagkompetanse på stillrettelegging/erosjonsforebygging, tilpasse denne kompetansen nasjonalt og lokalt, og det skal utarbeidast ein plan for vedlikehald og drift av tiltaka. Som ein del av den nye strategien for besøkjande i Jotunheimen nasjonalpark er det til sesongen 2009 søkt om pengar til i alt seks naturretteleiarar i Jotunheimen Nasjonalpark.

Gjendeosen

I samband med det nasjonale turistvegprosjektet er det utarbeidd planar om å ruste opp området ved Gjendeosen for mellom 50 og 60 millionar kroner. Kaia for Gjendebåten er da tenkt utvida og det er laga utkast til eit stort bygg, som skal ha plass til servering og handel. På taket av bygget er det planlagt ei stor friluftsscene. Gjendeosen er utpeikt til å vera eitt av tre nasjonale reiselivsikon.

Gjendeosen. Foto: Arve Danielsen, Fjuken.



Klimapark 2469



Dei siste åra har arkeologar og klimaforskarar vore på feltarbeid på og ved breane i Jotunheimen. Det er gjort hundrevis av funn som viser at områda har vore i flittig bruk lenge. Dette var tidleg jakt- og fangstområde for villrein, og har vore det i mange tusen år. Mellom anna fann Reidar Marstein den eldste skoa som er funne i Norge (3400 år gammal) ved Kvitingskjølen for nokre år sidan. Ved Juvasshytta og Juvfonna er det gjort funn av bogestelle, skræmpinnar, restar etter klede, pilspissar og spenner frå perioden 400-700 e. Kr. Etter som breane smeltar, kjem fleire og fleire interessante funn fram i dagen. Fylkesarkeolog Espen Finstad og fleire i Oppland fylke arbeider med planar om å utvikle verdas første klimapark der det skal vera mogleg å sjå, sansa og skapa forståing for dei globale klimautfordringane. Fotoillustrasjon: Oppland Fylkeskommune.

Naturvern i Skjåk allmenning



Av Stig Aaboen, allmenningsstyrar

Verneplanhistoria i Skjåk strekkjer seg meir enn 30 år attende i tid. Alt i 1975 vart det tilrådd vern av Nord-Ottadalsområdet med føremål å ta vare på villreinstamma og leveområdet til villreinen. Det er verdt å merke seg at initiativet var lokalt forankra.

Vernespørsmålet førde til sterkt engasjement i fjellbygdene. Meinigane var mange og delde. I eit stort møte mellom grunneigarar, villreinutvalet og ei rad organisasjonar innan utmark og bygdeturisme var det fleirtal for å gå mot tilråinga, da "all fredning vil føre til auka belastning av turistar i verneområdet".

Men vernetanken var sådd, og i dei næraste åra vart vernearbeidet lyfta opp i byråkratiet og politiske krinsar. Det vart laga utgreiingar og rapportar, og snøballen rulla.

I 1986 la Statens naturvernråd fram "Ny landsplan for nasjonalparkar". Der vart det lansert ein sentral Reinheimen nasjonalpark i fjella mellom Ottadalen, Lesja, Romsdalen og Norddal, samt tilliggjande landskapsvernområde.

Breheimen, Jostedalsbreen og Mørkridsdalkomplekset skulle berre omfatte areal i Sogn og Fjordane, og så vel Skjåk Almenning som Skjåk og Lom kommunar var såleis avskorne frå å gje høyringsfråsegn.

I 1992 kom Stortingsmelding nr. 62: "Ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområde i Norge". Nå var også Opplandssida komen med i Breheimen. Men det er verdt å merkje seg at det berre galdt Skjåk (skrive Sjøk), i tillegg til Luster! Meldinga seier elles:

"Departementet antar at verneverdiene i området vil kunne sikres tilstrekkelig gjennom opprettelse av et landskapsvernområde" og "Det aktuelle området er på ca. 400 km²".

At byråkratiet ikkje heilt visste kva dei dreiv på med, har ettertida synt. Da fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Oppland sende verneframlegg for Breheimen ut på høyring i desember 2008, omfatta planen 1 800 km² i Skjåk, Lom og Luster, og nå med framlegg om at 95 % av arealet skulle vere nasjonalpark!

Skjåk Almenning

Skjåk Almenning har vore bygdealmenning sidan 1798, da egedomen vart kjøpt på ein auksjon i Ringebu. Almenninga er Norges største private egedom, med eit areal på 1 950 km², og dekkjer 94 prosent av Skjåk kommune.

Skjåk Almenning er ei allsidig verksemd, som i generasjonar har basert seg på naturvennleg utnytting av fornybare ressursar. Almenninga forvaltar egedom, bruksrettar, skog, vilt, fisk og hytteområde, og er ein sentral aktør i det meste som krinsar rundt utmark i kommunen. Dette gjev forståing for kvifor haldninga blant folk flest i bygda er som den er i høve vernespørsmål og forvaltningsmynde.

Verneområde i Skjåk Almenning

Måten skjåkverane gjennom skiftande tider har teke vare på arvesylvet, vert nå "honorert" av storsamfunnet i form av nasjonalparkar, landskapsvernområde og naturreservat på 80 prosent av arealet. Somme vil seie at dette er eit ran og ein hån, ved at staten kjem til dekkja bord og tek seg til rette i brudesenga. Når Breheimen nasjonalpark med tilstøytande landskapsvernområde og naturreservat truleg er på plass sommaren 2009, vil 1 527 km² av Skjåk Almenning vere verna etter naturvernlova.

Skjåk kommune blir dermed Norges største nasjonalparkkommune, alt på privat grunn! Dette bør vekkje oppsikt og gje rom for ettertanke, sidan naturvernlova primært legg opp til at eigenarta eller vakre naturområde kan leggjast ut som nasjonalpark på statens grunn.



Skjåk Almenning fekk sitt fyrste verneområde gjennom opprettinga av Honnsrøve naturreservat på 16,4 km² i 2005.

I 2006 kom Reinheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde. Alt areal i Skjåk, både i nasjonalparken og i Ottadalen landskapsvernområde, ligg innan Skjåk Almenning, med høvesvis 420,6 km² og 126,6 km². Dette utgjer 21 prosent av heile det store verneområdet. I Breheimen vil Skjåk Almenning utgjere over halvparten av det totale arealet!

Skjåk Almenningsstyre har i utgangspunktet gjeve positiv fråsegn til verneplanen, som synest å vere ein balansert plan som kombinerer vern og bruk på ein berekraftig måte.

Forvaltning av verneområda

Spørsmålet om forvaltningsmynde vart det brennheite temaet i norsk vernedebatt parallelt med innspurten i Breheimsaka, og det dominerte heilt sjølvne verneframlegget! Den tilliten til lokal forvaltning norske vernemynde ga kommunane ved opprettinga av Reinheimen, truga dei med å ta bort like fort som den kom.

Det er difor ikkje utan grunn at Skjåk Almenningsstyre i si høyringsuttale sa klart ifrå at utan reell lokal forvaltning, gjekk styret mot heile planen. Utan tillit, respekt og rettferd i samband med oppretting av verneområde på privat grunn ville det vere ein hån mot "dei framsynte menn som kjøpte almenninga i 1798" å gje frå seg råderetten til storsamfunnet.

Vi går spanande månader i møte. Det er Storting og regjering som avgjer både vernespørsmålet om Breheimen, og framtidig forvaltning av verneområda våre.

Foto: Frå Liavassosen mot Sota med Tverråldalskyrkja og Rivenoskulen. Breheimen nasjonalpark omkransar Liavatnet på båe kantar. Foto: Stig Aaboen.



Frå toppen og ned eller botnen og opp?



Av Bjørn Dalen, Skjåk kommune.

Noreg har forplikta seg både internasjonalt sett og gjennom nasjonale mål for å verne eit representativt utval av norsk natur, og iverksetja tiltak for å ta vare på verneverdiane. Dette arbeidet vart for alvor sett på dagsorden i 1986 da den norske

offentlege utgreiinga "Ny landsplan for nasjonalparker" vart utarbeidd. Styresmaktene valde her å vike frå si eiga målsetting om representativt utval ved heller å gå for vern av store urøyvde areal i fjellområda og mest mogleg unngå konflikt med vern av lågareliggjande og sjønære område med store, kapitalsterke utbyggingsinteresser.

Det er staten som gjennom naturvernlova har myndet i verna område i Noreg. Skal andre forvalte areal, må det skje etter delegasjon frå staten.

For kvart verneområde blir det oppretta eigne verneforskrifter. Det vanlege er at det blir oppretta forvaltningsplanar som utdjupear forvaltningsrommet i verneforskrifta. Såleis er det lite rom for sprik i forvaltninga av eit verneområde. Den er godt definert gjennom verneforskrift og forvaltningsplan. Samtidig sit Direktoratet for naturforvaltning som overordna mynde og kontrollerer forvaltninga. Fram til 1984 var det miljøverndepartementet som forvalta verneområda i Noreg. I 1984 vart myndet lagt til miljøvernavingane hjå Fylkesmannen.

Forvaltningsmodellar

I 1996 starta det forsøk med ymse forvaltningsmodellar for verneområda. Desse forsøka skjedde etter fleire modellar, der ein også prøvde å vri forvaltninga frå å skje frå statleg nivå på toppen av maktpyramiden, til delegering av forvaltning ned til andre nivå som interkommunale organ og enkelt kommunar. Desse forsøka vart evaluert i 2008. Direktoratet kom da til den konklusjonen at det beste var at staten framleis sat med forvaltninga. Dette er også i tråd med synet til den internasjonale naturvernunion (IUCN). D.v.s. ein "toppen og ned"-modell.

Dette vekke sterke reaksjonar frå kommunar med mykje arealvern. Det kom òg svært kritiske kommentarar frå fagleg hald og frå institusjonar som hadde vore med på å evaluere forsøka for staten.

I Nord-Gudbrandsdalen fekk Reinheimen verneområde delegert forvaltninga ned til den enkelte kommune i 2007. Reinheimen-modellen skulle ikkje evaluerast i samband med forsøka. Her er det såleis ein "botnen og opp"-modell for forvaltninga. Fram til 2009 har kommunane i Reinheimen behandla alle saker som vedkjem verneområdet. Det er ikkje avdekt svake sider ved forvaltninga. Det er lagt opp godt kontrollerbare rutiner for forvaltninga, og rommet for avvik i forvaltninga med verneforskrifter og forvaltningsplan er lite. Det er viktig å ha eit organ der kommunane kan møtast og diskutere saker og utfordringar. Det må vera ein sekretær eller koordinator som samordnar fellestiltak og har ei viss overvaking av det som skjer. I det overordna organet sit ordførarane frå dei seks kommunane og i tillegg ein representant frå grunneigarane i den enkelte kommune. Å gje forvaltninga eit rettferdig innhald var viktig ved utforminga av modellen for Reinheimen verneområde.



Store manglar ved verneforvaltninga

Sett frå ein utkantkommune er det store manglar ved norsk verneforvaltning. Den største trusselen ligg i at tilsynsmyndet ikkje er godt nok. Norsk verneregime burde vera slik innretta at det viste kommunar rundt om i landet tillit til å forvalte sine verna areal, men da under tilsyn frå staten ved Fylkesmannen, som i andre forvaltningssaker. Det er eit paradoks at kommunane kan forvalte barn, unge, eldre og lokalt helsevesen, men ikkje får tillit til å forvalte gråstein og fjellkjørr!

Det er mykje prat om å finne gode framtidsutsikter for utkantane, men det sit langt inne å vise tillit til lokale styringsorgan med å forvalte eigne areal. Skal det bli buande for nye generasjonar i fjellbygdene, må den lokale identiteten få blomstre, og staten må vise at han bryr seg om også beresvake område. "Staten, det er vi" heiter eit ordspråk, men slik utviklinga nå er, sit "staten" godt plassert i tett befolka område i sentrale strom i landet og ser på oss som bur i utkantane stort sett som ei byrde som burde rasjonaliserast bort.

Vern gjev moglegheiter



Av Simen Bjørgen, ordfører Lom kommune.

Lom vil i løpet av 2009 vera i den spesielle situasjonen at vi får 3 nasjonalparkar i kommunen. I tillegg har vi status som nasjonalparkkommune og Fossbergom er Norges fyrste nasjonalparklandsby. Vi har òg landskapsvernområde og naturreservat samt ei rekkje vassdrag varig verna, med store delar av Bøverdalen på lista over nasjonalt verdifulle kulturlandskap. Norsk fjellmuseum har fått status som nasjonalparksenter for både Jotunheimen og Reinheimen.

Heile tida sidan Jotunheimen nasjonalpark vart oppretta i 1980 har Lom kommune hatt ei positiv haldning til vern. Dette er nokså eineståande i nasjonal samanheng. Reinheimen vart oppretta i 2005, gjekk også kommunestyret samrøystes inn for å oppretta denne nasjonalparken. Diskusjonane har fyrst og fremst handla om kva kven som skulle stå for forvaltning og kva kompensasjonar lokalsamfunn og grunneigar skal få for den råderettsinnskrenkinga vernet medfører. Dette vil nok også bli tema i år når det i år skal takast stilling til Breheimen nasjonalpark.

Viktig å skilje dei ulike nasjonalparkane

Det er viktig å skilje dei ulike nasjonalparkane etter verneformålet. Jotunheimen er ein såkalla brukspark. Den er Noregs best besøkte nasjonalpark, med dei næringsmessige mulegheitene dette representerer. Næringsutøvinga innan reiseliv i Lom er på sett og vis avhengige av den status Jotunheimen gjev. Reinheimen er oppretta for å ivareta villreinens leveområde. Det er altså ikkje

ein nasjonalpark som skal nyttast som Jotunheimen. Breheimen vil nok på mange måtar koma til å likna Jotunheimen, i den forstand at den gjer vårt område til eit enda meir attraktivt og spesielt reiselivsmål.

Lom kommune ynskjer ein lokal forvaltningsmodell for Breheimen. I Jotunheimen er det Fylkesmannen som har forvaltningsmynde. I Reinheimen har kommunane delt forvaltningsansvaret etter kor mange kvadratmeter kvar kommune "eig" av parken. Det er fordelar og ulemper med begge desse modellane. For Breheimen trur eg at det blir lokal forvaltning basert på ein interkommunal samarbeidsmodell. Styresmaktene vil krevja eit tettare samarbeid mellom kommunane for at vi skal få forvalta dei internasjonale og nasjonale retningslinjene lokalt. Dette vil sikre ei heilskapleg og einsarta forvaltning av heile nasjonalparken.

Økonomisk kompensasjon

Vi stiller også krav om økonomiske kompensasjonar. Det er heilt nødvendig at oppretting av Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde blir fylgd opp med nok ressursar til vidare forvaltning, oppsyn og tilrettelegging. Vidare må kommunane få økonomisk kompensasjon for reduserte mulegheiter til næringsutvikling i dei områda som no blir bandlagde på grunn av arealvern. Slik kompensasjon vert kravd gjennom auka overføringar, alternativt at staten opprettar eit nærings-/utviklingsfond i kvar kommune for å avhjelpe dette. Vi meiner også at kostnadene til gjennomføring og drift av forvaltninga for verneområda må dekkast av staten.

Det er også diskusjonar lokalt om vernegrensene. Spørsmålet er kor langt nedover Lomseggen vernet skal koma og kvar grensene skal gå på Bakkebergsfjellet mot Storhøe. Argumenta for at dette skal inngå i parken er fyrst og fremst naturvern faglege omsyn, medan argumenta for innskrenking handlar om å ha noko areal tilgjengeleg for næringsutvikling i randsona til ein ny nasjonalpark. Kanskje spesielt i eit næringssvakt område som Bøverdalen.



Ulike instansar

Det finst mange aktørar og mange forvaltningsnivå.

Direktoratet for naturforvaltning (DN) ligg under Miljøverndepartementet, og har det overordna ansvaret for forvaltning av natur i Norge. Direktoratet har kontor i Trondheim, men har heile landet som arbeidsfelt.

Statens Naturoppsyn (SNO)

har ansvaret for tilsynet med nasjonalparkane og andre større verneområde i Norge. SNO skal førebyggje miljøkriminalitet og kontrollere at reglane i miljølova blir haldne. I tillegg har SNO ansvar for informasjon og rettleiing om regelverket og om bruken av verneområda. Andre oppgåver som SNO har, er felt-arbeid som omfattar registrering, dokumentasjon og skjøtselsarbeid. Villreinoppsyn og oppsyn med motroferdsel i verneområda er òg viktige arbeidsoppgåver. For Jotunheimen Nasjonalpark har SNO oppretta to lokalkontor – eitt ved nasjonalparksenteret i Norsk Fjellmuseum i Lom – og det andre på Klokkarhaugen i Vang. For Breheimen har SNO oppretta to oppsynsstillingar, den ein i Skjåk og den andre i Rauma kommune.

Fylkesmannen

i det respektive fylket har forvaltningsmyndigheit og har ansvaret for å følgje opp forvaltningsplanen for dei ulike verneområda. Fylkesmannembetet avgjer også søknadar om dispensasjon frå vernereglane.

Nasjonalparksenter

Norsk Fjellmuseum fekk autorisasjon som nasjonalparksenter i 1997, og var eit av dei seks første sentra i Norge. Fjellmuseet er eit kompetansesenter for natur- og kulturinformasjon, og arbeider for å legge til rette for friluftaktivitetar. Like eins arbeider nasjonalparksenteret også for å skape forståing for naturen og å inspirere folk til eit miljøvennleg og trygt friluftsliv. I 2009 vart Norsk Fjellmuseum også autorisert nasjonalparksenter for Reinheimen nasjonalpark.



Norsk Fjellmuseum i Lom er ei sentral base i den lokale forvaltninga med autorisasjon som nasjonalparksenter for både Jotunheimen nasjonalpark og Reinheimen nasjonalpark. Norsk Fjellmuseum husar også Lom fjellstyre og SNO. Frå venstre Odd Repp i Lom fjellstyre, Mai Bakken i Norsk Fjellmuseum og Esben Bøe i SNO, Lom. Foto: Visus.

Lokale fjellstyre

Sidan store delar av verneområda er statsallmenning, har lokale fjellstyre ansvar for oppsyn etter Fjellova. I Jotunheimen kjøper SNO tenester av fjellstyra i Lom og Vågå.

Vågå fjellstyre forvaltar bruksrettane til seter og beite, samt jakt, fangst og fiske i Langmorkje og Nordherad statsallmenningar i Vågå kommune.

Lom fjellstyre forvaltar bruksrettane i Vårdalen statsallmenning, Visdalen statsallmenning og Leir- og Bøverdalen statsallmenning, som tilsaman har eit areal på ca. 1.2 mill. dekar.

Finndalen fjellstyre forvaltar bruksrettane i Finndalen Statsallmenning (267.200 dekar).

Skjåk Almenning

Skjåk Almenning er ei av omlag 50 private bygdeallmenningar i landet. Ei bygdeallmenning er utmark der jordbruket har ulike bruksrettar og gardsbruk i fellesskap har eigedomsretten. Ved sida av forvaltning av eigedom, skog, vilt, fisk og hytteområde, bruks- og eigedomsrettar, driv almenninga eit omfattande skogbruk.

Nasjonalparkkommunar og landsbyar

31 kommunar i Norge har fått status som Nasjonalparkkommune. Kravet er at minst 30 % av arealet i kommunen er verna som nasjonalpark. Kommunar som ikkje tilfredsstiller dette kravet, kan likevel få status som nasjonalparkkommune dersom ein heil nasjonalpark ligg innanfor kommunen sine grenser, eller minst 300 km² av arealet er nasjonalpark. Det er òg mogleg å oppnå denne statusen dersom kommunen er med i interkommunalt samarbeid om nasjonalparkinformasjon, tilrettelegging og reiseliv med andre kommunar som har nasjonalparkareal. Ut frå desse kriteria har alle tre Ottadalskommunane fått status Nasjonalparkkom-



Foto: Visus.

Nasjonalparkriket

Nasjonalparkriket omfattar kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja. Få stader i verda ligg nasjonalparkane så tett som her. Rondane nasjonalpark er Norges eldste, Jotunheimen nasjonalpark er Noregs mest vitja og saman med Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark, Dovre nasjonalpark og Reinheimen nasjonalpark utgjer dei kremen av norsk høgfjellsnatur. Hausten 2009 blir også Breheimen ein del av dette riket.

Namnet Nasjonalparkriket er først og fremst brukt i profilering og marknadsføring av reiselivsprodukt i dei seks kommunane. Det blir nå arbeidd med å stifte Nasjonalparkriket Reiseliv AS som er tenkt å vere ei overbygging for reiselivsorganisasjonane i regionen.

munar. Tittelen skal vera eit kvalitetsstempel for kommunar med villmarksnatur og blir brukt i profilering og marknadsføring av kommunane. Status som Nasjonalparkkommune er tildelt for ti år. Deretter må kommunen søkje på nytt.

Nasjonalparklandsby – eit pilotprosjekt

Fem tettstader i Norge har fått status som Nasjonalparklandsby. I Ottadalen er det Fossbergom som har fått tildelt denne tittelen. For å oppnå denne statusen må tettstaden vera ein naturleg innfallspurt til ein eller fleire nasjonalparkar. Staden må fungere som eit servicesenter der dei tilreisande kan finne informasjon om parken, overnatting, servering og andre tenester som t.d. guiding. Nasjonalparklandsbyen skal vere ein kulturberar av eigne tradisjonar, og skal kunne tilby produkt og opplevingar med lokalt tilsnitt. Sidan dette er eit pilotprosjekt skal det evaluerast etter 2-3 år. DN har ansvaret for den praktiske gjennomføringa av prosjektet. Det er også utarbeidd varemerkebeskytta logo som nasjonalparklandsbyane skal bruke i profilering og marknadsføring.



Fjellregionsatsing

Fjellregionsamarbeidet er eit regionalpolitisk samarbeidsnettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Norge der fjellområda er ein viktig del av ressursgrunnlaget og føresetnad for næringsliv, kultur og livsvilkår. Aktørar i samarbeidet er Oppland, Hedmark, Buskerud, Telemark og Sogn og Fjordane fylke, regionråda for Hallingdal, Valdres og Nord-Gudbrandsdalen og fjellregionen i Hedmark, Sør-Trøndelag og kommunane Tinn, Vinje og Rollag.

Målsetjinga for arbeidet er å vere pådrivar for å skapa ein ny fjellpolitikk og vere medspelar i norsk regionalpolitikk og formidle kunnskap om nasjonale og internasjonale tema.

Fjellregionsamarbeidet har mellom anna engasjert seg i kravet om lokal og regional forvaltning av verneområda.

Kjelder:

Nettsidene til:
Direktoratet for naturforvaltning
Naturbasedokumentasjonen
Statens Naturoppsyn
Fylkesmannen i Oppland
Oppland fylkeskommune
Lom kommune
Skjåk kommune
Vågå kommune
NVE
Norges Naturvernforbund
Artsdatabanken

- Verneframlegg og konsekvensutgreiing for Breheimen, Fylkesmannen i Oppland og Sogn og Fjordane.
- Fylkesmannen i Oppland, miljøavdelinga.
- Dag Holtan, fagrappport botanikk 2007, Langvasseggje, Røykjeskålvatnet, Krosshøe.
- St. meld. nr. 62 (1991-92).
- Direktoratet for naturforvaltning: Håndbok i områdevern og forvaltning.
- Ole K. Vole.
- DNT, Årbok 1904.
- Vågå fjellstyre, Knut Øyjordet og Erik Myrum.
- Skjåk almenning, Stig Aaboen.
- Skjåk kommune, Bjørn Dalen.
- Lom kommune, Simen Bjørgen.
- SNO, Espen Bøe.
- Norsk Fjellmuseum/Informasjonssenter for Jotunheimen og Reinheimen, Mai Bakken.
- Lom fjellstyre, Odd Repp.
- Per Steinar Løkken.
- Per Bådshaug.
- Mathias Øvsteng.

Artiklar i GD hausten 2008 og vinteren 2009.
Artiklar i Fjuken hausten 2008 og vinteren 2009.
Artikkel av Thor Flognfeldt jr. i Kulturarven nr. 44, 2008.
Felles fråsegn frå Lom og Vågå kommunar
12.04.1978 ved Høyesterettsadv. Trampe Kindt.

Møtebok for:

Bøverdalen Østside Grunneigarlag 10.03.1978.
Lom jordstyre 9.03.1978.
Særutskrift m. vedlegg frå Lom formannskap 25.04.1978.
Lom kommunestyre 28.04.1978.

Brev frå:

Ottadalen og Jotunheimen Reiselivslag 27.02.1978.
Lom Tamreinlag 2.03.1978.
Lom Bonde- og Småbrukarlag 28.02.1978.
Lom innlandsfiskeremnd 22.02.1978.
Lom viltremnd 1.03.1978.
Lom fjellstyre 28.02.1978.